Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster

Emne: Tradisj. Tru og Segner / Jegar og jaktdyr

Bygdelag. Stardalen

Oppskr. av: Sunniva Myklebust

Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg

G.nr. 18 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A. K. Veiteberg, 85 år

SVAR

1-12. Ukjendt. Berre grisetemmer høyrer vi om dei hadde til å stryke parmelina med når dei vaska og stiva åt seg.

13. Ei bjønne-kinne med ungar rekna dei for farleg. Men etter forteljingar å døme berre grein binna og kom seg snøgt unna med „borna" sine. Bestemor Fosskeim f. Hegrenes 1856 gjætte for bjørn til ho var 18 år i Ålhus. Bror hennar gjætte i lag med ein annan gut, som var Bendik i Kvammen, då kom eit dyr og kjælte seg med Bendik, og dei rulla seg på marka i lag. Moses 14 år stod og såg forfærd på. Bendik: „Ka detta var?" (som rulla seg med'n) – Moses: „Eg trudde du visste ka detta va! Det var bjørnen." Såhan var godsleg.

14. På stølane var dei redd bjørnen, ved barsok tider helst. Kom han, for dei ut med brandar og eld frå selet og hua og skreik.

15-18. Her er ei bregne dei kallar bjørna-kamber. Det er kjend at dei la vin på å få auge på han „far" fyrst, så han skulle bli klumsa. Ingje medisin mot bjørn.

16797

19-22 Dei bruka tillbråd og hampetråd og sette stengsle over dalen for gråbein. Gamle-Rasmus Veiteberg banna ulven som drap kalvkviga hans. Det var inne Rysdalen i Gloppen som hadde sevarstdaden

Bestemor Forsheim gjætte og sauene på Hegranes-stranda i Skjersurda v/ Jölstervatnet. Dei sat i varsmålet på den svære hella, som mange tegn er knytte til. (Audun Hugleiksons solobord) – Dei gjætte for örna og sa:

„Klomsa vere deg örna,
di tonn og di tunge
og di levr og di lunge.
Gjev livet ditt måtte vere
så hardt som dei hardaste
fjellsteine. –"

I dei dagar mjåltsa dei sauene og likesom geita – det eine målet som bjeet ikkje måtte vora.

23. Det skulle vere ei kone i Paulen som fekk skuld fordi ho hadde skemt udyr på buskapen til andre. Stor straff.

24. Stirde dei rett mot eit udyr, og ikkje var redde, römde dyret – Dei lua og skreik mot gråbeinen og drog tag etter seg, for å halde han unna seg.

25. Dei sa at nokon hadde trolla börsa hans, så han ikkje kunne råke med henne.

Hr 28. Men korleis dei fekk ho god att er uvisst. Ei seinare råd mot börser som ikkje drap: vanleg å pisse i laupet når ein var på jakt. Roga kulene sjölve av bly . Ten kunne ein og ha i, men vart då for lette.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16797

Tradisjon:

Dei las bøner som tynte børsa til hin, så ho ikkje drap.

„Siste bjørnen vart skoten her 1901. Eg var med. Det var i fjellet mellom Våtedalen og Breimsvatnet, rett i mot Egge i Breim. Vi jaga i to dagar. Sålberg skaut på 'n fyrste dagen, men fekk ikkje hyksa utaf og møtte ikkje andre dagen. Men då vart bjørnen jaga og skramd nedi fjellet, og då han fekk daudeskotet, let han seg gå utføre, som han alltid plar i slike stunder. Vi drog han då ned til elva. Det var 100 kr i skotpremie, og elles vart skinnet selt til Amerika, kjøpt av ein norsk-amerikanar på Egge. Vi som var utanfrå området der bjørnen heija Klakegg - Andal - Egge - Breim fekk pengane - 15 kr. kvar. Hine som hadde mist sauer, fekk ikkje noko. Men var fri sauedreparen. Det var lensm. Gabriel Red som hadde kommandoen under jakta.

Rasmus Veiteberg smurde glepsene inn, trudde dei, med olje og elles feitt av revetisper - frå bakparten, ner endetarmen. Han la vin på at ingen skulle sjå det vitet han kom heim med. Veitebergarane såg at han kom med ein rev etter sine bakfoten. Såg folka, la han dyret ned og gjekk mot dei. Men reven var 'kje så daud som 'n halda til, og for. Men

16797
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

han greidde fanga han att, då karane kom og skreik at reven for sin veg.

16797
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16797